

19.01.2017

Elev ved Lindås Ungdomsskule

Lindås Kommune v/Oppvekstkontoret  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 Isdalstø

**Hei.**

Eg vil her i dette brevet ta opp ei aktuell og alvorleg problemstilling. Eg er elev i eit klassetrinn på Lindås Ungdomsskule, underlagt Lindås Ungdomsskulekrins. Eg talar både for meg sjølve, men også mange andre elevar på trinnet og ved skulen når eg seiar og meinar at luftkvaliteten på skulen generelt, særleg i klasseromma er dårlig. Luftkvaliteten er ofte så dårlig at det går utover mi helse og konsentrasjon. Eg er personleg glad i skulearbeid og ynskjer å oppnå gode resultat på skulen. Men, luftkvaliteten hindrar meg i dette. Eg talar som sagt for mange elevar ved skulen. Luftkvaliteten går utover mi og fleire andre si helse og læring. Slik skal det ikkje vera. Ynskjer dykk i Lindås Kommune, ved å senda elevar i grunnskulen til skulen, og ikkje berre risikerar, men faktisk klart ødelegg helse og konsentrasjon til elevane? Er det rart karakterar til nokon elevar er lave eller går ned dersom luftkvaliteten er dårlig? Det går utover konsentrasjon i stor grad, og det går også utover helsa vår. Luftkvalitet har MYKJE å seia for god helse og læring.

Hvilken kommune ynskjer Lindås Kommune å vera? Ynskjer Lindås Kommune å legga vekk denne saka. Sjølve om elevane sjølve etterspør tiltak? Det er sjølve opp til dykk, men eg har ei klar mening om kva eg forventar at dykk gjer. Eg forventar også at skulen blir ekstra oppmerksom på lufting, samstundes som de jobbar med å finne ei god løysing på problemstillinga.

Dårlig luftkvalitet går utover konsentrasjon og helse. Ein får betydeleg dårligare helse av den svært dårlige luftkvaliteten som det ofte er, ein får betydeleg dårligare konsentrasjon. Dårligare konsentrasjon går utover karakterar og trivsel. Dårligare konsentrasjon kan også i betydeleg grad gå utover eigen åferd eller veremåte. Det kan også føre til at elevar føler seg fortare sliten, tidleg på dagen.

Me prøvar å ha gode lufterutiner på skulen, men noko eg heller ikkje opplevar at skulen er nok presis på. Både timelærarar, kontaktlærarar og leiinga ved skulen v/rektor er varsle om denne saka fleire gongar over ei lang tidsperiode. Eg og fleire andre opplevar ikkje at me har eit regelverk for lufting. Dette regelverket er i så fall ikkje godt nok. Lærarane framstår som usikre på rutinane, og virkar som dei har ulike oppfatningar på eit evt. regelverk. Me elevar får nokre gongar dårlig informasjon når me spør lærarar om lufting av skulens rom. Eg opplevar at lærarar også er ueinige om lufting av klasserom. Nokon prioriterar det høgare enn andre.

De må difor tilse at skulen innan rimeleg tid utarbeiddar eit ordentleg regelverk angåande lufting og luftkvalitet på Lindås Ungdomsskule. Dette krev eg at vert gjort, og det er dykkar jobb å gjera det. Vert det ikkje gjort, kan det vera brot på lova av Lindås Kommune. Dykk er no pliktig til å fatta enkeltvedtak i denne saka på generelt grunnlag, utan at eg treng oppgi mitt namn for at det skal gjerast.



Dette er ei sak eg tar opp både på vegne av meg og fleire andre. Det er difor viktig at dykk tar saka på ramme alvor. Inntil det vert lagt fram ein skikkeleg løysing frå Lindås Kommune si side, er det viktig at skulen finner ein god måte å håndtera situasjonen på. Eit klart regelverk med soleklare reglar er avgjerande!

Takk for merksemda.

**Eg ber om at mi anonymitet ivaretas. Skulen og kommunen er pliktig etter lovverket til å etterkomma dette.**

Mvh

Elev ved Lindås Ungdomsskule

[Skriv inn firmnavnet]